



## Særutskrift

Arkivsak-dok. 22/01306-2  
Saksbehandlar Geir Janos Göncz

## Særutskrift - Søknad om grensejustering mellom Aukra kommune og Ålesund kommune

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	07.11.2022	PS-78/22
2 Kommunestyret	17.11.2022	PS-70/22

### Formannskapet har behandlet saken i møte 07.11.2022 sak PS-78/22

#### Møtebehandling

Kommunedirektøren si tilråding

#### Votering

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt

#### Formannskapets innstilling

Aukra kommune er positiv til at det settast i gang utgreiing av grensejustering mellom Aukra kommune og Ålesund kommune

---

### Kommunestyret har behandlet saken i møte 17.11.2022 sak PS-70/22

#### Møtebehandling

Formannskapet si innstilling.

#### Votering

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedtatt.

#### Kommunestyrets vedtak

Aukra kommune er positiv til at det settast i gang utgreiing av grensejustering mellom Aukra kommune og Ålesund kommune

---

## Søknad om grensejustering mellom Aukra kommune og Ålesund kommune

### Kommunedirektøren si tilråding:

Aukra kommune er positiv til at det settast i gang utgreiing av grensejustering mellom Aukra kommune og Ålesund kommune

### Bakgrunn

Statsforvaltar har motteke søknad om utgreiing av grensejustering av øyane Ona og Sandøy, samt Gåsøy frå Ålesund kommune til Aukra kommune. Det er kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) som avgjer om det skal settast i gong utgreiing av ei grensejustering. Dei to kommunane blir bedt om å gje ei uttale til søknaden før saka blir sendt over til KDD.

### Vurdering

I 2016 søkte innbyggjarar på Ona, Sandøya og Orta om å få utgreidd ei grensejustering mellom Sandøy og Aukra kommunar. Søknaden hadde oppslutning på 91.8% av den vaksne befolkinga på øyane. Dåverande Fylkesmann føretok ei grundig utgreiing, og med bakgrunn i den tilrådde Fylkesmannen ei grensejustering i tråd med innbyggjarane sitt ønskje. Departementet vedtok likevel at berre Orta fekk gå til Aukra kommune.

Som del av grunngevinga frå departementet vart det lagt avgjerande vekt på eksisterande samhandlingsmønstre og innbyggjaranes bruk av kommunale tenester. Innbyggjarane sitt nesten samla ønskje samt klåre identitet som «romsdalingar» vart ikkje avgjerande. Tross dette så vert det konkludert at etter Departementet si vurdering synleggjer ikkje fylkesmannen si utgreiing at dei tre øyane har ein felles identitet og at argumenta som skal til for å vedta ei grensejustering berre er til stade for Orten.

Aukra kommune viser til søknaden frå innbyggjarane der dei omtalar fleire samfunnsmessige høve som gir grunnlag for ei ny utgreiing.

Dette gjeld mellom anna :

«• *Avstand/kommunikasjonar: Nordøyvegen*

• *Lege og helsetenester: Ambulansebåt/akuttberedskap*

• *Regjeringa har åpna for at tvangssamanslåtte kommunar kan oppløysast.*

*Dei viktigaste grunnane til at me søker om ei utgreiing av ei grensejustering er :*

• *Me er mest retta mot Aukra og Romsdal både med omsyn til tenester og leveransar både til og frå næringsliv og private.*

• *Det er kortast og raskast å kome seg til både kommunesenter, og ein by (Molde) i den retninga. Det vil framleis være tilfellet etter at fastlandssambanda Nordøyvegen, Møreaksen og Kjerringsundet er ferdige.*

• *Ein mindre kommune vil ha ein enklare og meir oversiktleg organisasjon, det vil være lettare for innbyggjarane å kome i kontakt med dei som tek avgjerslene.*

• *Me har alltid vore knytt til Romsdal både med omsyn til handel, språk, kultur og tradisjonar.*

• *Geografisk er øyane ein del av Romsdalskysten. Me høyrer til Romsdalsregionen og vil at me skal gjere det i framtida og.»*

I førre grensejusteringsøknad la departementet vekt på samhandlingsmønstre og innbyggjaranes bruk av kommunale tenester. Konklusjonen var at dette berre gjeld for Orta i høve Aukra.

Kommunedirektøren finn at ei ny utgreiing må ta omsyn til at det i vesen ikkje er annerleis med samhandlingsmønstre mellom dei tre øyane då alle er avhengig av same ferje som Orten i høve Aukra.

Sjølv om Ålesund kommune har hatt som mål å behalde tenestetilbod i Sandøy kommune, vil avstanden til sjølve kommunesenteret i Ålesund sentrum vere stor. Dette vil m.a gjelde for demokratiske aktivitetar som dei mange politiske møter, der reisetid, -avstand og -kostnader har innverknad for deltaking.

### **Administrative konsekvensar**

Kommunedirektøren er innstilt på å avsette naudsynte ressursar for å planlegge ei eventuell grensejustering av «nye bygdesamfunn» i Aukra kommune.

### **Folkehelsekonsekvensar**

#### **Klima- og miljøkonsekvensar**

#### **Økonomiske konsekvensar**

Dei langsiktige økonomiske konsekvensane er vanskelig å stipulere pr i dag. Ei utviding av kommunen vil både innebere auka kosnader, men også auka inntekter. Dei økonomiske konsekvensane vil bli greidd ut i si fulle breidde om KDD vedtek ei utgreiing av grensejustering.

Geir Janos Goncz  
Kommunalsjef plan og utvikling

Gerd Marit Langøy  
Kommunedirektør

### **Særutskrift**

#### **Vedlegg**

- Oversending av søknad om grensejustering mellom Aukra kommune og Ålesund kommune
- 2022-10-12 Søknad om grensejustering
- 2022-10-12 Brev fra Pål Gaasøy
- 2022-10-12 Brev fra Romsdal interkommunalt politiske råd

RETT UTSKRIFT  
DATO 18.november.2022

Fra: Göncz, Geir Janos[geir.goencz@aukra.kommune.no]  
Sendt: 22.11.2022 11:06:26  
Til: Postmottak SFMR[sfmrpost@statsforvalteren.no]  
Kopi: Brevik, Frida Farstad[fmmfrje@statsforvalteren.no];  
Tittel: vedtak Aukra kommune- grensejustering

---

GEIR J. GÖNCZ *Kommunalsjef*

Mobil 979 87 909  
Telefon sentralbord 71 17 15 00  
Postadresse Nyjordvegen 12, 6480 Aukra  
[www.aukra.kommune.no](http://www.aukra.kommune.no)



Aukra kommune